


# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013 - 2024

Handsama:
2
0
1
3









VERDSARV- OG NASJONALPARK-KOMUNEN LUSTER

LUSTER NASJONALPARK KOMMUNE

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2013 - 2024
Vedteken 20.06.2013 i K-sak 48/13.

## Innhaldsoversikt

**1. Visjon** ..... **3**
**2. Grunnleggjande verdiar og strategiar** ..... **3**
**3. Fokusområde** ..... **3**
**4. Innleiing og oppsummering** ..... **4**
**5. Føremål med kommuneplanen** ..... **5**
**6. Samfunnsutviklinga** ..... **6**
6.1 Folketalsutvikling ..... 6
6.2 Busetjing og sysselsetjing ..... 6
6.3 Levekår ..... 6
6.4 Næringsutvikling ..... 7
6.5 Kommunal økonomi ..... 7
6.6 Organisering av kommunale tenester ..... 7
6.7 Natur, miljø og berekraftig utvikling ..... 8
**7. Rammevilkår - overordna føringar** ..... **9**
7.1 Nasjonale føringar ..... 9
7.2 Regionale føringar ..... 9
7.3 Lokale føringar ..... 10
**8. Kommunen sine ulike roller** ..... **11**
8.1 som tenesteytar og velferdsprodusent ..... 11
8.2 som myndigheitsutøvar og forvaltar av fellesskapet sine verdiar ..... 11
8.3 som tilretteleggjar og samfunnsutviklar ..... 11
8.4 som demokratiutøvar ..... 11
8.5 som regional aktør ..... 11
**9. Utfordringar og muligheiter** ..... **12**
**10. Strategiar, målsetjingar og tiltak** ..... **13**
10.1 Luster – ein god stad å bu ..... 14
10.2 Luster – ein god stad for bedrifter ..... 18
10.3 Luster – ein god stad å besøkja ..... 21
**11. Føringar for arealdelen:** ..... **22**
11.1 Bustadområde ..... 22
11.2 Næringsareal ..... 22
11.3 Sentrumsområde ..... 22
11.4 Hytteområde ..... 22
11.5 Landbruksområde og jordvern ..... 22
11.6 Universell utforming ..... 22
11.7 Miljø og berekraftig utvikling ..... 22
11.8 ROS ..... 22
11.9 Motorferdsel i utmark ..... 22

Foto – framside: Fuglesteg Stein Næss,
Andre foto Luster kommune

# Føreord



*Kommuneplanen sin samfunnsdel* (KPS) 2013 - 2024 for Luster kommune vart vedteken i kommunestyremøte 20.06.2013 i K-sak 48/13.

Planen trekkjer opp rammene for korleis Luster kommune skal utvikla seg dei neste 10 åra og er såleis er ei stor og viktig sak for kommunestyret. Dei sentrale tema i planen handlar om korleis me vil ha det for både fastbuande, tilflyttarar, besøkjande og bedrifter. Med utgangspunkt i dagens situasjon er det trekt opp linjer for vidareføring og vidareutvikling av ein del nye tiltak for å fremja trivsel og utvikling i kommunen vår.

Ordføraren vil framheva at det har vore ein positiv og god prosess med planarbeidet. Bygdemøta – med eit samla frammøte på vel 200 personar - framstod som aktive og konstruktive, med god dialog mellom kommunen (politikarar/ administrasjon) og bygdefolket. Her kom det fram mange gode og konstruktive framlegg som er lagt til grunn for planen.
Som ordførar ynskjer eg å vidareutvikla denne forma for møte for å få fram forslag og synspunkt på viktige oppgåver i Luster.

Med bakgrunn i arbeid og prosess som er gjennomført vonar eg som ordførar at innbyggjarane i Luster får ein eigarskap til planen, og at denne vert aktivt brukt i arbeidet for å vidareutvikla Luster som ein god stad å bu, ein god stad å besøkja og ein god stad for bedrifter.

Kommunestyret skal kvart år revidera handlingdelen (kapittel 10) i samband med handsaming av årsbudsjett og økonomiplanen.

Luster 20.06.2013



Ivar Kvalen
ordførar

**Kommuneplanen – samfunnsdelen**

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal trekkje opp mål for utvikling av kommunen og prioritere område som skal ha fokus. Korleis skapar me eit best mogleg tilbod og samfunn for innbyggjarar, næringsliv og besøkande?

# 1. Visjon

**«Trivsel og utvikling i Luster»**

# 2. Grunnleggjande verdiar og strategiar

Verdiar:

⇒ *me skal vere opne og lyttande i kommuneorganisasjonen*

⇒ *me skal vere positivt innstilt til medverknad og samarbeid i kommune og region*

⇒ *me skal sikra gode demokratiske prosessar, vedtaks- og gjennomføringsevne*

⇒ *me skal ha arbeidsmiljø prega av ansvar, respekt og omtanke*

⇒ *me vil halda fram med ei heilskapleg samfunnsbygging med vekt på førebyggjande arbeid, kulturelt mangfald og miljø*

*Strategiar:*

⇒ *me skal kontinuerleg arbeida for at tenestene me tilbyr best mogeleg er tilpassa brukarane sine behov*

⇒ *me skal ha god kommuneøkonomi slik at det er handlingsrom og reservar for å kunne gjennomføre og eller delta i prioriterte større utviklingstiltak*

⇒ *me skal ha effektiv administrasjon og drift innan vedtekne strukturar slik at ressursar vert frigjevne til utviklingsarbeid*

⇒ *me vil gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskaplege tenester*

⇒ *me vil drive aktiv rekruttering og gjennomføra kompetansetiltak hjå leiarar og medarbeidarar for å styrka drift og utvikling av tenester*

⇒ *me skal vera ein god nabo gjennom aktivt å styrka det regionale samarbeidet og leggja til rette for ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion*

# 3. Fokusområde

Kommuneplanen er bygd opp om desse hovudfokusområda:

→ Luster – ein god stad **å bu**

→ Luster – ein god stad **for bedrifter**

→ Luster – ein god stad **å besøkja**

# 4. Innleiing og oppsummering

Luster kommune er inne i ein periode med generell bra utvikling.
*Folketalet* i Luster pr 01.01.2013 er 5041 personar. Det har vore ei positiv utvikling sia 2008. Trenden er likevel ein god vekst i Gaupne og Hafslo og stabilisering i andre bygder. Jostedalen og Veitastrond har framleis nedgang. Ein vesentleg grunn til folkeauken kan knytast til austeuropeisk arbeidsinnvandring med familietilflytting.

*Sysselsetjinga* er stabil – men det er ein jamn nedgang i landbruket, noko som påverkar folketals-utviklinga i grendene. Næringslivet i Luster kan også verta påverka av internasjonale konjunktursvingingar innan t.d. reiselivet og industrien. Den regionale arbeidsmarknaden er viktig for busetjinga i Luster.

I *næringslivet* er det ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene og innan vasskraft i åra framover. Det har vore stor investering og utvikling i reiselivet dei siste åra. Andre viktige næringsområde for Luster er; bygg og anlegg og privat tenesteyting, medan situasjonen for utviklinga i landbruket er usikker.

*Dei kommunale tenestene*, som i stor grad har ein desentralisert struktur der dette er naturleg, skal organiserast effektivt med sikte på å halda kostnadene nede. Faglege krav, behov for større fagmiljø, økonomi og utvida tilbod medfører at ein del tenester vert samla i Gaupne eller løyst via interkommunalt samarbeid. Endringane i folketalsstrukturen kringom i bygdene gjer at det vil vera behov for ulike typar offentlege tenester i dei ulike delane av kommunen i åra framover. Nivået kan endra seg som fylgje av folketalsendringar.

*Kommuneøkonomien* er god. Kommunen har årlege driftsinntekter godt utover ein «gjennomsnitts-kommune», investeringsnivået er høgt og kommunen er aktiv aktør for utvikling av tenester, næring og lokalsamfunn. Det er likevel nokre mørke skyer som tilseier at ein må få betre balanse i økonomien. Hovudutfordringa for den kommunale økonomien er å setja i verk tiltak som sikrar eit godt tenestenivå og gir kommunen tilstrekkeleg utviklings- og investeringskraft samstundes som inntekter og utgifter balanserar over tid.

*Gode levekår* skal sikrast gjennom å leggja til rette for tenester til alle delar av befolkninga i kommunen uavhengig av alder, kjønn, funksjonalitet og etnisitet. Gjennom folkehelsearbeidet vil kommunen etter kvart få ei betre oversikt over utfordringane i åra framover. Førebygging knytt til kosthald og fysisk aktivitet vert sentralt. Eit aukande tal eldre omsorgstrengjande i Luster vil truleg slå inn i 2025-2030.

*Miljø og berekraftig utvikling* må vektleggjast gjennom å sikra naturgrunnlaget for framtidige generasjonar med omsyn til matproduksjon og ureining til både luft, vatn og jord.

*Beredskap – risiko og sårbarheit*: Til ei kvar tid ha ein beredskap som er i stand til å handtera dei hendingane og krisesituasjonane som kan oppstå. Kommunen skal heile tida vera førebudd på å handtera uynskte hendingar, ha plan for kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og informasjonsplan. Alle utbyggingsområde skal risikovurderast gjennom kommuneplanen sin arealdel, som igjen vert kopla til kommunen sin ROS-analyse.

# 5. Føremål med kommuneplanen

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan som skal vera kommunen sitt overordna styringsdokument. Planen skal rullerast kvart 4. år og skal gje rammer for verksemdene sine planar og tiltak og skal brukast strategisk som ein oversiktsplan. Føremålet med kommuneplanen er å få fram tydelege politiske prioriteringar. Dette er likevel ikkje til hinder for å ta opp nye situasjonsbestemte oppgåver utan at dei er forankra i kommuneplanen..

**Samfunnsdelen i det kommunale plansystemet i Luster kommune**




*Kommuneplanen sin samfunnsdel i det kommunale plansystemet*

# 6. Samfunnsutviklinga

### *6.1 Folketalsutvikling*

Folketalsutviklinga i Luster endra seg etter 2008 ved at folketalet byrja å gå oppover att. Det fell saman med at talet på utalandske tilflyttarar byrja å gå opp. Dette er ein del av ei nasjonal utvikling der mange distriktskommunar opplever at folketalsutviklinga har snudd frå negativ til positiv. Folketalet har auka med 156 innbyggjarar i perioden – dvs. 3,2 % - medan auken nasjonalt er på 5,25 %. I perioden 2009 til og med tredje kvartal i 2012 er det flytt 681 personar til Luster, av desse er 164 frå utlandet. I 1990 var det 40 personar frå utlandet i Luster. Hovudtyngda innafor gruppa utanlandske tilflyttarar er austeuropeiske arbeidsinnvandrarar og aukande grad av familietilflytting. Flyktningar utgjer ein mindre del av tilflyttinga. Tilgang på bustader er ei utfordring for å busetje flyktningar. Luster har likevel teke mot flyktningar i 2010 og 2012 og vil søke å halde fram dette arbeidet.

Luster har også ei indre sentralisering. Dette ser ein i form av at folketalet aukar i Gaupne og Hafslo. Sia 2009 er det berre Veitastrond og Jostedalen som har nedgang i folketalet. Dei andre bygdelaga dreg fordel av folketalsauken ved at folketalet har stabilisert seg siste åra.

SSB sine framskrivingar tyder på at utviklinga med tilflytting frå utlandet vil halda fram. Det avgjerande her er korleis arbeidsmarknaden utviklar seg; både heime og ute. Utanlandske tilflyttarar må sjåast som ein ressurs samstundes som det også gjev kommunen nokre utfordringar m.o.t. norskopplæring og integrering for både born og vaksne. Luster har også kvalitetar som medfører «livsstilstilflytting». Det er ikkje oversikt over omfanget av denne tilflyttinga, men det vert arbeidd aktivt i ulike miljø for å trekkja til seg fleire slike tilflyttarar.

### *6.2 Busetjing og sysselsetjing*

Luster kommune har ein svært spreidd busetnad i høve folketal og areal. Sysselsetjinga er stabil – men det er ein jamn nedgang i landbruket. Landbruket har tradisjonelt vore viktigaste næringsvegen i Luster. Nedgangen i årsverk i landbruksnæringa som ein ser i heile landet finn ein også i Luster. På mange bruk står ein overfor eit generasjonsskifte og korleis dette vil slå ut i næringa er uvisst. Ei utfordring i landbruksnæringa i kommunen er m.a. å finna nye løysingar for samarbeid mellom gardsbruk og å få yngre til å overta og driva gardane. Nedgang i landbruket påverkar også i stor grad folketalsutviklinga i grendene i kommunen.

Luster har mange innbyggjarar som arbeider i nabokommunane; særleg Sogndal og Leikanger. I begge desse kommunane er det dei siste åra etablert fleire offentlege kompetansearbeidsplassar. Utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden er viktig for Luster.

### *6.3 Levekår*

Luster kommune har som mål å leggja til rette for tenester som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga i kommunen uavhengig av alder, kjønn, funksjonalitet og etnisitet.
Gjennom folkehelsearbeidet vil kommunen etter kvart få ei betre oversikt over utfordringane i åra framover. Dette vert eit viktig kunnskapsgrunnlag for å skaffa kunnskap om kvar og mot kven innsatsen skal rettast. Sentrale utfordringar i framtida er førebyggjande arbeid og at det vert lagt eit godt grunnlag i ung alder når det gjeld folkehelse. Dette inneber gode vanar på fysisk aktivitet og kosthald, og god psykisk helse. Kommunen som tenesteytar innan oppvekst og helse vert sentral i både opplysingsarbeid og tilrettelegging. Etter ein lengre periode med eit stabilt tal eldre vil talet på eldre omsorgstrengjande truleg syne ein større auke i 2025-2030.

### *6.4 Næringsutvikling*

Det er ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene i kommunen. Innafor vasskraft er det mange, både større og mindre utbyggingar som er til konsesjonshandsaming. Kraftutbygging vil dei kommande 10-15 åra vere ein aktivitet der bygg og anleggssektoren vil kunne vinne oppdrag. Reiselivet har synt stor investeringsinteresse dei siste åra, og aktiviteten i næringa er god. Det er ei interessant utvikling at personar med kapital har valt å satse betydeleg i reiselivet i Luster. Luster har også stor breidd og god kvalitet på småskala reiselivsverksemder. Bygg og anlegg er framleis ei stor næring i Luster, fleire av selskapa har kompetanse til å stå ansvarleg for store prosjekt og har marknad i heile sogneområdet. Privat tenesteyting, inkludert handelsnæringa, held posisjonen sin. Situasjonen for utviklinga i landbruket er utfordrande, og det vert viktig å stimulere investeringar, få til fornying og generasjonsskifte jf. ovanfor i 6.2.

Næringslivet i Luster kan også verta påverka av internasjonale konjunktursvingingar. Dette gjeld t.d. reiselivsnæringa og industriverksemd med eksportvarer.

### *6.5 Kommunal økonomi*

Kommunen har handlingsrom i driftsøkonomien og økonomiske reservar utover det som er vanleg i kommunane. Kommunen har årlege driftsinntekter godt utover ein «gjennomsnittskommune». Kommunen leverer gode tenester. Investeringsnivået er høgt. Kommunen er aktiv utviklingsaktør for utvikling av tenester, næring og lokalsamfunn.
Det er likevel nokre mørke skyer som tilseier at ein må få betre balanse i økonomien. Luster kommune kan ikkje bruka meir enn ein tener, og ein må oppretthalde handlingsrom til investeringar og utvikling. I budsjettet for 2013 er det lagt inn ein del tiltak for å oppnå dette. Desse tiltaka er vidareført for heile økonomiplanperiode 2013-16. Det er vidare peika på andre tiltak som er aktuelle frå 2014 og resten av økonomiplanperioden for å sikra ein positiv balanse i økonomien.

Investeringsnivået vil framleis vera høgt, men noko lågare enn dei siste åra. Det er lagt opp til at låneopptak og avdrag vert liggjande på same nivå, slik at den langsiktige lånegjelda vert stabilisert. Hovudutfordringa for den kommunale økonomien er å setja i verk tiltak som sikrar eit godt tenestenivå og gir kommunen tilstrekkeleg utviklings- og investeringskraft samstundes som inntekter og utgifter balanserar over tid.

### *6.6 Organisering av kommunale tenester*

Dei kommunale tenestene skal organiserast effektiv med sikte på å halda kostnadene nede.
Dei kommunale tenestene har ein desentralisert struktur der dette er naturleg. Ut frå dei geografiske avstandane i kommunen og målet om levande bygder i alle delar av kommunen er dette prioritert. Faglege krav, behov for større fagmiljø, økonomi og utvida tilbod medfører at ein del tenester vert samla i Gaupne eller løyst via interkommunalt samarbeid.
Luster kommune legg også vekt på gode tilbod i alle delar av kommunen. Likevel er det ei utviklinga der folketalet aukar i Gaupne og på Hafslo, og det stabiliserer seg eller går ned i dei andre krinsane. Gaupne og Hafslo har også størst del av den yngre befolkninga. Endringane i folketalsstrukturen kringom i bygdene gjer at det vil vera behov for ulike typar offentlege tenester i dei ulike delane av kommunen i åra framover som barnehage/skule og eldreomsorg, og at dette kan endra seg som fylgje av folketalsendringar. Aktivitetstilbod og tilgjengelege tomter vil vera viktig i alle delar av kommunen.

Kommunestruktur.
Luster er ein vidstrekt kommune med denne senter-/ bygdelagsinndelinga:

| | |
|---|---|
| <u>*Kommunesenter:*</u> | Gaupne |
| <u>*Bygdesenter:*</u> | Hafslo, Jostedal og Skjolden. Gaupne er bygdesenter for dei som bur i Gaupne og nærområdet. |

*Bygdelag:* Solvorn, Veitastrond, Indre Hafslo, Luster, Fortun, Sørsida av Lustrafjorden

### *6.7 Natur, miljø og berekraftig utvikling*

Luster kommune skal leggja vekt på forvaltning av ressursane med sikte på framtidige generasjonar.

*Utfordringar kommunen har:*

- Utslepp av store mengder ferskvatn til fjordsystemet vinterstid
- Låge fiskebestandar i fjordane
- Aukande utslepp av $CO_2$ og $NO_x$ -gassar frå cruisetrafikken
- Innføring av nye skadelege artar (t.d. iberiasnigel og kjempspringfrø)
- Store geografiske avstandar og stort behov for bruk av bil
- Nedbygging av matjord
- Attgroing av kulturlandskapet

*Viktige målsetjingar for kommunen:*

Jordvern: Sikra matproduksjon i eit lokalt perspektiv

Energiproduksjon: Luster kommune vil sikra ei god utvikling av lokal energiproduksjon som tek omsyn til både klima, lokalmiljø og eigne innbyggjarar.

Energibruk: Luster kommune set seg mål om å redusera stasjonær og mobil energibruk i kommunen generelt og auka bruken av fornybare energikjelder.

Klima: Luster skal redusera eigne klimagassutslepp og gå i retning eit klimanøytralt samfunn i 2020. Kommunen vil gjennomføra naudsynte tilpassingar for å stå rusta til å møta framtidige klimaendringar.

Ureining: Kommunen har sett seg mål om å redusera ureininga til lokalmiljøet. Med ureining meiner me skadelege utslepp til luft og vatn, samt støy, avfall og skrot.

Naturgrunnlaget er viktig ressurs både for landbruksnæringa, besøksnæringa og for fastbuande.

Biologisk mangfald og naturmangfaldslova: Luster kommune skal forvalta naturen for å hindra vidare tap av biologisk mangfald og slik at artar som finst naturleg vert sikra i levedyktige bestandar. Me skal oppretthalda variasjonen av naturtypar og landskap slik at det er mogeleg å sikra at det biologiske mangfaldet får utvikla seg.

# 7. Rammevilkår - overordna føringar

Nasjonale og regionale planar og retningsliner/politikkdokument skal leggjast til grunn for planarbeidet i kommunane.

## *7.1 Nasjonale føringar*

Sentrale lover og retningslinjer kommunane skal leggja til grunn i kommuneplanlegginga:

- Plan- og Bygningslova av 2008
- Folkehelselova av 2011
- Naturmangfaldslova av 2009
- Likestillingslova av 2013
- Diskrimineringslova av 2005
- Diskriminering og tilgjengelegheitslova
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. 25.3.2011
- Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging. (T-5/93)
- Rikspolitiske retningsliner for å styrke barns og unges interesser i planlegginga. (T-5/95)
- Temarettleiar for landbruk og planlegging etter plan- og bygningslova (12.03.2012).

Regjeringa skal jfr PLBL kvart fjerde år utarbeida eit dokument med nasjonale forventingar til både kommunal og regional planlegging. Dokumentet (T-1497) er ein del av det formelle plansystemet og det vert forventa at kommunane fylgjer opp dei politiske hovudtrekka:

- *Klima og energi* – det vert forventa at kommunane tek omsyn til klimautfordringane og norsk energiomleggingspolitikk i planlegginga
- *By- og tettstadutvikling* – det vert forventa at kommunane bidreg til å hindra nedbygging av verdfulle landbruksområde.
- *Samferdsel og infrastruktur*- det vert forventa at statlege, fylkeskommunale og kommunale planprosessar som omfattar samferdsel vert samordna, og at kommunane har ei aktiv rolle i statleg transportplanlegging
- *Verdiskaping og næringsutvikling* – det vert forventa at det vert teke omsyn til verksemder og næringar sine behov for lokalisering og eigna areal, samstundes som arealbruken vert avklart i høve ei berekraftig utvikling.
- *Natur, Kulturmiljø og landskap* – det vert forventa at planlegginga byggjer på oppdatert og tilgjengeleg kunnskap om arealbruk og natur, kulturminne, kulturmiljø og landskapsverdiar.
- *Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø* – det vert forventa at kommunane har oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorar som kan verka inn på denne.

## *7.2 Regionale føringar*

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt har ansvaret for og leiinga av arbeidet med regional planstrategi, regionale planar og regional planbestemmelse. Fylkeskommunen sin planstrategi, vedteken desember 2012, gjev føringar for deira planarbeid i perioden 2012 – 2016.

| **Plan – tema** |
|---|
| **Regional planstrategi 2012 – 2016**<br>Overordna mål er å auka folketalet i fylket.<br><br>**Nye regionale planar i perioden er:**<br>• Regional transportplan 2014–2023<br>• Regional plan for skulebruk / skulebruksplan (vidaregåande skule)<br>• Regional plan for verdiskaping<br>• Regional plan for folkehelse<br>• Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, 2014 – 2016 - revisjon.<br>• Regional plan for kystområda – geografisk avgrensa plan |

**Andre regionale planar under utarbeiding:**
- Regional plan for Ottadalsområdet (villrein - gjeld også Luster)
- Vassforvaltningsplan m/ tiltaksprogram 2016 – 2021

**Desse planane vert stadfesta / vidareført** *(som er av interesse for Luster)*:
- FoU-strategi for næringsutvikling 2010 – 2020
- Reiselivsplanen
- Strategi for satsinga på fornybar energi
- Fylkesdelplan for arealbruk
- Kulturstrategi 2008 – 2011
- Strategisk plan for bibliotekutvikling
- Den kulturelle skulesekken – strategiplan 2010 – 2014
- Plan for bevaring av utvalde arkeologiske kulturminne (BARK)
- Fylkesdelplan for klima og miljø

### *7.3 Lokale føringar*
Kommunale føringar for arbeidet er gjeldande kommuneplan (2007 – 2017), arealdel til kommuneplanen og gjeldande kommunedelplanar.
I tillegg er økonomiplan og budsjett førande for kommunen sitt arbeid.
Gjeldande kommuneplan vart gjennomgått i ei eiga kommuneplanmelding i K-sak 11-38 og rådmannen peika i si saksutgreiing på fylgjande:

*Kommuneplanmelding - generell del*
*Intensjonane i ny plan- og bygningslov er at kommuneplanen i større grad skal vera førande for kommunen sitt arbeid i valperioden. Kommuneplanmeldinga viser at dei fleste mål og tiltak har vore arbeidd med. Det kan såleis seiast at kommuneplanen har fungert etter intensjonane. Planen ber likevel preg av ein del overlappande tema – der mål og tiltak vert omtalt fleire stader. Ny kommuneplan bør prøva å unngå for mykje av dette.*

**Statusdokumentet** (vedlegg til samfunnsdelen) gjev ei oversikt over situasjonen for sentrale tema og arbeidsområde i Luster kommune når det gjeld folketal, økonomi, infrastruktur og andre sentrale oppgåver i kommunen, og er såleis eit viktig grunnlag for dei oppgåver som er vektlagt i denne planen.

# 8. Kommunen sine ulike roller

### *8.1 som tenesteytar og velferdsprodusent*
Kommunen har som hovudoppgåve å vera ein aktiv tenestytar og velferdsprodusent
Dette er det området som krev mesteparten av kommunen sine ressursar. Kommunal tenesteproduksjon handlar i stor grad om velferdstenester ut frå mange behov og i alle livsfasar for kommunen sine innbyggjarar. Etter kvart som omsorga for born og eldre i stadig mindre grad vert teke i vare av familien, har det offentlege og kommunesektoren gradvis fått fleire oppgåver. Kommunen har også viktige oppgåver når det gjeld infrastruktur og samfunnssikkerheit. Område som veg, vatn og avløp er avgjerande for at eit lokalsamfunn skal fungera trygt og godt. Auka folketal der arbeidsinnvandring og familietilflytting utgjer veksten, føreset nye oppgåver.

Vel fungerande, trygge og identitetsskapande lokalsamfunn er grunnleggande føresetnader for eit godt velferdssamfunn. Luster kommune skal arbeide med å leggje til rette for ein effektiv tenesteproduksjon innanfor dei viktigaste velferdsoppgåvene.

### *8.2 som myndigheitsutøvar og forvaltar av fellesskapet sine verdiar*
På mange viktige område er kommunane gjevne mynde til å forvalta lovverk ut frå lokalt skjønn. M.a. er kommunane tildelt mynde for arealplanlegging, jfr Plan- og bygningslova. For innbyggjarane vil det vera viktig med ein høg grad av lik handsaming og føreseieleg forvaltning. Eit grunnlag for dette er gode lokale retningslinjer, noko som m.a. gjeld kommuneplanen sin arealdel som gjev viktige føringar for handsaming av einskildsaker.

### *8.3 som tilretteleggjar og samfunnsutviklar*
Kommunen som samfunnsutviklar betyr at kommunen skal vere aktiv i arbeidet med å utvikla gode lokalsamfunn for innbyggjarane. Her er dialog og samarbeid på tvers av næringsliv, frivillige organisasjonar og kommunen sentralt. Luster kommune som samfunnsutviklar inneber og tilrettelegging for fysisk og sosial infrastruktur. Kommunen skal og ha ein rolle som tilretteleggjar for nyskaping og næringsutvikling.

### *8.4 som demokratiutøvar*
Lokaldemokratiet er fundamentet for kommunen sin eksistens og må difor visast merksemd. Oppslutning om lokaldemokratiet gjennom kommuneval og på andre måtar er avgjerande for at dei prioriteringar og avgjersler som vert gjort av lokale politisk mynde skal ha legitimitet. Det er også viktig at innbyggjarane deltek i utviklinga av lokalsamfunnet gjennom organisasjonsliv og andre former for frivillig arbeid. At innbyggjarane engasjerer seg i eige lokalsamfunn må sjåast som verdfult både for den einskilde og for fellesskapet.

### *8.5 som regional aktør*
Kommunale styresmakter spelar ein viktig rolle når det gjeld utviklinga av eit lokalsamfunn. Utviklinga må skje i samspel med andre aktørar både internt i kommunen og i aukande grad med instansar utafor kommunen. Med auka internasjonalisering og konkurranse om innbyggjarane og arbeidskraft aukar behovet for samarbeid og samhandling med andre kommunar, fylkeskommune, statlege styresmakter og andre aktørar. Utvikling i ein landsdel eller region som heilskap er av stor verdi for den einskilde kommune, og det er difor viktig å erkjenna at kommunen er ein del av ein større bu-, arbeids- og serviceregion.

# 9. Utfordringar og muligheiter

Som utgangspunkt for vidare utvikling og prioritering av tiltak og handlingar kan det vere nyttig å analysere og drøfte muligheiter og utfordringar, sterke og svake sider.
Ein SWOT-analyse (SWOT=styrke, svakheit, muligheit og trugslar) kan være eit nyttig verktøy for å identifisere områder for forbetring og er eit godt utgangspunkt for å ta avgjersler for framtida.
Nedanfor er eit oppsett til ein slik analyse, generelt og med fokus mot sentrale tenesteområde der kommunen og kommuneorganisasjonen i større eller mindre grad rår over verkemiddel til å påverke lokalsamfunns-utviklinga.

I arbeidet med å få fram prioriterte satsingar og utviklingsarbeid er det teke utgangspunkt i tre overordna tema; Luster, -ein god stad og bu, -ein god stad å besøkje og ein god stad for bedrifter.
*Analysen tek og dette utgangspunktet;*

| 1. Styrke (i dag) | 3. Muligheiter / utvikling (framover) |
|---|---|
| **Luster ein god stad å bu**<br>• Gode kommunale tenestetilbod<br>• Regional bu og arbeidsmarknad<br>• Naturopplevingar<br><br>**Luster ein god stad å besøkja**<br>• Fjord, verdsarv, fjell og bre er attraktive reisemål i internasjonal målestokk<br>• Gode mogelegheiter innan aktivitetsbaserte opplevingar<br>• Bygdene våre er eksotiske og autentiske<br><br>**Luster ein god stad for bedrifter**<br>• Gode rammevilkår for nyetablering<br>• Vekst i reiseliv og tenestesektor<br>• Lokal matproduksjon og foredling | **Luster ein god stad å bu**<br>• Gode oppveksttilhøve og gode tilbod i helse og omsorg<br>• Aktive bygder<br>• Auke i folketalet<br><br>**Luster ein god stad å besøkja**<br>• Gode muligheiter for å etablera og driva besøksverksemd<br>• Varierte tilbod og høg kvalitet på natur- og kulturopplevingar<br>• Stor breidde og høg kvalitet i småskala overnattingstilbod<br><br>**Luster ein god stad for bedrifter**<br>• Gode rammevilkår for vidareutvikling av verksemd<br>• Gode naturgjevne forhold for landbruk<br>• Tilgang på naturressursar. |
| **2 Veikskap (i dag)** | **4 Utfordringar for å få ting til (framover)** |
| **Luster ein god stad å bu**<br>• Lite husvære til leige<br>• Avgrensa jobbmuligheiter i kommunen<br>• Store geografiske avstandar<br><br>**Luster ein god stad å besøkja**<br>• Det er utfordrande å skilje seg ut i marknaden<br>• Me må stadig tilpasse oss skiftingar og trendar<br>• Høgt prisnivå krev høg kvalitet på tilboda<br><br>**Luster ein god stad for bedrifter**<br>• Internasjonale konjunkturendringar<br>• Nasjonale og Internasjonale rammevilkår for produksjon/omsetning av matvarer<br>• Sentralisering og strukturendringar | **Luster ein god stad å bu**<br>• Mange bygder – store avstandar – lite felles møtepunkt<br>• Høg utalandsk tilflytting og integrering<br>• Skaffa eit betre og breiare tilbod av bustader<br><br>**Luster ein god stad å besøkja**<br>• Oppgåver knytt til utvikling og drift av fellesgodetilbod* vil auke i framtida<br>• Stort potensial for vidareutvikling og pakking** av attraksjonstilbod.<br>• Behov for klar strategisk line frå FjordNoreg til destinasjonsselskap, kommune og verksemder.<br><br>**Luster ein god stad for bedrifter**<br>• Nyrekruttering i landbruket<br>• Nyskaping i etablert verksemd<br>• Stabilitet og kontinuitet i eigarskap og utvikling jfr utanlandsk konkurranse |

# 10. Strategiar, målsetjingar og tiltak

I arbeidet med å få fram prioriterte satsingar og utviklingsarbeid er det teke utgangspunkt i tre overordna tema;

- Luster – ein god stad å bu – «*gode tenester og tilbod for innbyggarar og tilflyttarar»*
- Luster – ein god stad for bedrifter – *«aktiv næringspolitikk for etablering og utvikling av næring»*
- Luster – ein god stad å besøkja – *«gode opplevingar som får besøkande, frå både nære og fjerne område, til å komme og bli»*

Det er med utgangspunkt i tidlegare kommuneplan og via innspel i denne planprosessen peika ut eit sett med prioriterte satsingsområde:

- Bumiljø, fleire folk, barn og unge, kultur og fritid, folkehelse, helse og omsorg, informasjon, regionalt samarbeid, beredskap
- Generell næringsverksemd, landbruk, infrastruktur
- Natur, kultur og attraksjonar

Kopla til desse satsingsområda er det utforma ein handlingsplan. Handlingsplanen er oppbygt med hovudmål, delmål og tiltak.

Kommuneplanen skal ha ein handlingsplan som gjennom tiltak angir korleis planen skal fylgjast opp i dei påfølgjande åra.
Tiltaka/tiltakssdelen skal viderast årleg jfr:

1. økonomiplan
2. budsjetthandsaming
3. planleggingsprogram

⇒ Prosjekt / tiltak i vedtekne kommunedelplanar treng ikkje handsamast i kommuneplan
⇒ Utvikling innafor ordinære driftsoppgåver som er heimla i tidlegare vedtak, lover eller forskrifter er ikkje direkte tema i samfunnsdelen
⇒ Spesielt innan helse/omsorg og skule/barnehage vil det vere ein del utviklingstiltak innan lovpålagde oppgåver som må løysast med utgangspunkt i pålegg og rammer via kommuneopplegget i statsbudsjettet. Dette vil gjerne vere oppgåver som kjem i tillegg til dei som er prioritert i handlingsplan.
⇒ Prosjekt som føreset medfinansiering frå fylke/stat må konkretiserast i kommuneplan eller kommunedelplan.

### *10.1 Luster – ein god stad å bu*

Strategiar:

→ Me skal leggja til rette for ei god bustadutvikling

→ Me skal leggja til rette for at folk trivest med å bu i Luster

→ Me skal leggja til rette for gode kommunale tilbod/tenester for innbyggjarane

| **Bumiljø Hovudmål** | **Delmål – slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Bulyst i heile kommunen basert på miljø og berekraftige lokalsamfunn | I. Gode møteplassar i alle deler av kommunen<br>II. Varierte butilbod i sentrumsområda<br>III. Byggjeklare tomter i alle delar av kommunen<br>IV. Attraktive fellesareal i alle sentrumsområde.<br>V. Gode transporttilbod / transportordningar som gjer det mogleg å nytte seg av sentraliserte tenestetilbod<br>VI. Tilrettelagde tenestetilbod som høver for arbeidspendlarar<br>VII. God kvalitet på infrastruktur.<br>VIII. Ei berekraftig lokalsamfunns-utvikling som sikrar god livskvalitet og godt livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar. | 1. Etablera gjennomgangsbustader i alle bygdelag | LK | Private aktørar |
| | | 2. Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde Stimulera fellesorgan som bygde- og grendelag til å utvikla aktuelle uteområde, og premiera lokale initiativ til opprydding og opprusting av sine nærmiljø | LK | Bygdelaga |
| | | 3. Stimulere bustadutbyggingsprosjekt med husvære til utleige | Private utbyggarar | LK |
| | | 4. Tilretteleggja for busstilbod til kommunesenteret for yngre og eldre i kommunen | Fylkeskommunen | LK |
| | | 5. Arbeida for å etablera tiltak som betrar tilhøva for dagpendlarar til nabokommunane | LK | |
| | | 6. Arbeida for å fjerna skrot, på privat og offentleg grunn, som ureinar og skjemmer landskapet | LK | Private eigarar |
| | | 7. Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus | LK | Bygdelaga |
| | | 8. Kommunal utbygging og utvida Offentleg-Privat–Samarbeid (OPS) | LK | Private aktørar |
| | | 9. Vektleggja miljø og berekraft i all sakshandsaming som vedkjem lokalsamfunna | LK | |
| | | 10. Koordinera innsats mot framande og skadelege artar (iberiasnigel) | LK | Bygdelaga, organisasjonar, privatpersonar osv |

| **Fleire folk**<br>**Hovudmål** | **Delmål – slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Folk i alle hus -<br>Trivsel for alle | I. Fleire innbyggjarar i alle bygder i Luster<br><br>II. Flyktningar og fastbuande arbeidsinnvandrarar som:<br>• har gode opplæringstilbod<br>• snakkar norsk<br>• er godt integrerte<br>• har arbeid | 1. Aktivt arbeida for auka tilflytting i alle delar av kommunen gjennom felles tilflyttingsprosjekt | LK | Bygdelaga |
| | | 2. Utarbeida ein tverrfagleg strategi for;<br>a. oppvekst, busetjing, kvalifisering og integrering av flyktningar<br>b. oppvekst, språkopplæring og integrering av arbeidsinnvandrarar | LK | Brukarrepr., frivillige lag og organisasj |

| **BARN OG UNGE**<br>**Hovudmål** | **Delmål – slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Alle barn og unge skal ha gode og likeverdige oppvekstvilkår som stimulerer til aktiv samfunnsdeltaking og legg til rette for god psykisk og fysisk helse | I. God kunnskap om miljø og berekraftig utvikling hjå barn i både barnehage og grunnskule<br><br>II. Oppretthalda eksisterande barneskule- og barnehagestruktur så langt det er økonomisk og fagleg forsvarleg<br><br>II. Eit godt grunnskuletilbod med god fagleg og sosial kvalitet<br><br>V. Full barnehagedekning med god kvalitet på tilbodet<br><br>V. Styrka Lustraidentitet gjennom felles møteplassar og kulturaktivitetar<br><br>/I. Born og unge som kjenner Luster si kulturhistorie | 1. Sikra gode faglege og sosiale overgangar mellom barnehage/barneskule/ungdomsskule/vidaregåande | LK | |
| | | 2. Vidareutvikla oppvekstsentera | LK | |
| | | 3. Bruka den kulturelle skulesekken målretta i høve til auka kunnskap og eigen identitet | LK | FYK, Kulturskulen og aktørar i kulturlivet |
| | | 4. Etablera felles møteplassar for born i barnehage og grunnskule | LK | |
| | | 5. Ha tilgang på godt og oppdatert undervisningsutstyr til ei kvar tid | LK | |
| | | 6. Tilretteleggja for ei god opplæring og oppfylging der basisfaga skal ha sterkt fokus gjennom heile skuleløpet | LK | |
| | | 7. Etablera eit «ungdommens hus»/ungdomsbase i Gaupne | LK | UKS |
| | | 8. Tilretteleggja for opplæring om lokal kulturhistorie i barnehage og skule | LK | |

| **Kultur og fritid Hovudmål** | **Delmål – slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Gje alle innbyggjarane i kommunen eit godt tilbod av kultur- og fritids-aktivitetar uavhengig av kjønn, alder, bustad, etnisitet, økonomi og mobilitet.» | I. Eit allsidig kulturliv i Luster<br>II. Felles kulturtilbod for Sogn<br>III. Sterk Lustraidentitet skapt gjennom breitt samarbeid mellom lag og organisasjonar i kommunen<br>IV. Gode kulturanlegg i alle bygder<br>V. Gode kulturtilbod i eldreomsorga<br>VI. Nynorsk skal framleis vera det samfunnsberande skriftmålet i kommunen | 1. Utarbeida ein strategi for framtida sitt kulturliv i Luster med fokus på:<br>a. Kulturskultilbodet i Luster<br>b. Samarbeid mellom organisasjonar og bygder<br>c. Regionalt samarbeid i indre Sogn, regionale tilbod.<br>d. Bibliotektilbod for framtida | LK | Frivillige lag og organisasjonar, Sogn regionråd |
| | | 2. Etablera ordningar som stimulerer lag og organisasjonar til felles aktivitetar / felles lag for heile kommunen | LK | UKS, Frivillige lag og organisasjonar |
| | | 3. Nytt sceneanlegg i Parken | Parken AL | LK / FYK |
| | | 4. Utgreia omfang og lokalisering av kulturbygg/forsamlingshus i Gaupne | LK | |
| | | 5. Utvikla kulturtilbod som stimuleringstiltak i eldreomsorga | LK | |
| | | 6. Styrkja nynorskkompetansen mellom vaksne | LK | Frivillige lag og organisasjonar |
| | | 7. Søke å få etablert faste snøscooterløyper i kommunen | LK | |

| **Folkehelse Hovudmål** | **Delmål – slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| God livskvalitet for alle som bur i Luster ved å vektleggja førebyggjande tiltak | 1. verta ein leiande kommune i folkehelsearbeidet gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og god samhandling mellom bygdene i kommunen<br>2. kommunale serveringstilbod som vektlegg kosthald og lokalmat<br>3. Barn og unge skal ha gode tilbod for fysisk aktivitet som føresetnad for god helse | 1. Utarbeida kommunedelplan folkehelse som skal ha vekt på førebygging (lågterskel), frivilligheit, og gje føringar for kommunale prioriteringar av økonomiske verkemiddel / tippemidlar og samhandling mellom bygdene | LK | |
| | | 2. Utvikle regional frisklivsentral som fyrtårn i folkehelsearbeidet | LSL-samarbeid | LK |
| | | 3. Utvikla og etablera lågterskel tilbod som organiserte aktivitetar i bygdene, turstiar, badeplassar m.m. | LK | Lag og organisasjonar |
| | | 4. Innarbeida tilbod om fysisk aktivitet i opplæringa i barnehage/skule kvar dag | LK | |
| | | 5. Vidareutvikla kommunale serveringstilbod som vektlegg kosthald og bruk av lokal mat | ATS | LK |
| | | 6. Utvikle Luster kommune som «Trygg lokalsamfunn-kommune» | LK | |

| Helse og omsorg Hovudmål | Delmål – slik vil me ha det | Tiltak – slik gjer me det | Ansvar | Samarbeid med |
|---|---|---|---|---|
| Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgs-tenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg. | 1. Tenesteområde skal stå fram som robust og vera sterk på å rekruttera og stabilisera i stillingar.<br>2. Tenesteområde skal tilby tenester på eit så lågt nivå som mogeleg<br>3. Tenesteområde skal leggja til rette for rehabilitering og meistring. | 1. Helse og omsorgsplan skal vera førande for kommunen sine tenester og handsamast kvar valperiode. | LK<br>Kvar valperiode | |
| | | 2. Skal ha gode og føremålstenlege fagprogram og tilgang til ulike støtteverktøy | LK | |
| | | 3. Tilretteleggja og ta i bruk ny IT-teknologi for å kommunisera mellom ulike helsenivå og tenester | LK | |
| | | 4. Vurdera justering av tiltakspakker for fastlegar, ha stort fokus på fag og fagutvikling i alle fagområde innan tenesteområde | LK | |

| Informasjon Hovudmål | Delmål – slik vil me ha det | Tiltak – slik gjer me det | Ansvar | Samarbeid med |
|---|---|---|---|---|
| God informasjon til alle | Ei god og framtidsretta kommunal informasjonsteneste til alle innbyggjarane i Luster | Tilpassa den kommunale informasjonstenesta til nye kommunikasjonsmedium og nye innbyggjargrupper | LK | |

| Regionalt samarbeid Hovudmål | Delmål – slik vil me ha det | Tiltak – slik gjer me det | Ansvar | Samarbeid med |
|---|---|---|---|---|
| Gode regionale tenestetilbod til innbyggjarane i Luster | Eit regionalt samarbeid som skal vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen | 1. Etablera gode regionale samarbeidstiltak som styrkar tenesttilbodet for innbyggjarane i Luster ved å utarbeida ein regional strategi som trekkjer opp rammene for samarbeidet i Sogn Regionråd sitt område. Viktige nye tema er; kulturelt samarbeid, folkehelse, PPT, landbruk, teknisk drift/forvaltning, viltforvaltning (jakt) | Sogn Regionråd | LK |
| | | 2. Etablera pendlarruter (buss) | SFFK | LK |

| Beredskap Hovudmål | Delmål – slik vil me ha det | Tiltak – slik gjer me det | Ansvar | Samarbeid med |
|---|---|---|---|---|
| God beredskap for alle i heile kommunen | Til ei kvar tid ha ein beredskap som er i stand til å handtera dei hendingane og krisesituasjonane som kan oppstå | 1. Kommunedelplan som skal visa korleis kommunen skal vera førebudd på å handtera uynskte hendingar og minst innehalda plan for kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og informasjonsplan | LK | |
| | | 2. Risikovurdera alle utbyggingsområde i arealdelen | LK | |

### *10.2 Luster – ein god stad for bedrifter*

Strategiar:

→ me skal tilby gode rammevilkår for etablering og vidareutvikling av verksemder

→ me skal vera aktive for vidareutvikling av landbruket

→ me skal leggja til rette for ein infrastruktur som gjev gode vilkår for verksemder og for busetnad i kommunen

| **Generell næringsverk-semd**<br>**Hovudmål** | **Delmål - slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Luster kommune skal vidareutvikla eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye og auka talet på arbeidsplassar i kommunen. | I. Ha økonomiske ressursar til ei kvar tid for å kunne bidra vesentleg til finansiering av næringsprosjekt<br>II. Utnytte kompetansen i næringslivet i kommunen til å utvikle eksisterande bedrifter med knoppskyting og nye verksemder<br>III. Vere god «nabo» i næringsarbeidet.<br>IV. Leggja vekt på arbeidsplassar for kvinner og ungdom<br>V. delta i vidareutvikling av den regionale arbeidsmarknaden<br>VI. vere aktiv i å vidareutvikla energisektoren<br>VII. Utdanna born og ungdom for framtidig si næringsverksemd<br>VIII. Eit næringsliv som ivaretek miljøomsyn og er berekraftig for framtida | 1. Gjennomgå grunnlagsdokument for næringssaker / landbrukssaker i kvar valperiode | LK | |
| | | 2. Leggja til rette for:<br>a. nye og eksisterande kompetansearbeidsplassar<br>b. nye og eksisterande industrielle verksemder med høgt teknologinivå og marknadsfokus<br>c. ein arena for nettverksbygging og samhandling i næringslivet<br>d. Investering/satsing i energisektoren<br>e. å vera vertsskap for regionale samarbeidstiltak | Næringslivet i Luster<br><br>LK | LK<br><br>Regionrådet/ kommunar i Sogn |
| | | 3. Stimulera til etablering av næringsfellesskap | Næringsaktør ar | LK |
| | | 4. Vidareutvikle arbeid og kompetanse i entreprenørskap i grunnskulen | LK | Næring |
| | | 5. Tilretteleggja for sumararbeidsplassar for ungdom i frivillige organisasjonar | Frivillige organisasj. | LK / UKS |
| | | 6. Omsyn til naturmangfald, miljø- og bærekraft skal i næringssamanheng vurderast ved utøving av all offentleg mynde i Luster | LK | |
| | | 7. Vidareutvikla samarbeid med Sogndal om miljøsertifisering av verksemder | LK | Sogndal kommune og næringslivet |

| **LANDBRUK**<br>**Hovudmål** | **Delmål - slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Ei berekraftig og framtidsretta landbruksnæring som nye / unge brukarar vil satsa på. | I. Ein variert bruksstruktur som grunnlag for busetjing og næringsverksemd i heile kommunen<br>II. Konkurransedyktige inntekter og ordna fritid for bøndene<br>III. Auka volumet av husdyr- og planteproduksjon med 1% pr år<br>IV. Oppretthalda storleiken og betra kvaliteten på det matproduserande arealet<br>V. Vidareutvikla garden som ein attraktiv arbeidsplass<br>VI. Ei aktiv skogbruksnæring som skal auka:<br>a. uttak av skog<br>b. den lokale verdiskapinga av trevirke<br>c. bruk av trevirke i bygg<br>d. bruk av bioenergi frå trevirke<br>VII. Auka omfang av tilleggsnæringar på gardsbruk innan:<br>a. lokal mat<br>b. Inn på tunet<br>c. Opplevingar<br>d. Energiproduksjon<br>e. utmarksbasert næringsutvikling | 1. Setja inn stimuleringstiltak for å:<br>• få ungdom til å ta over gardsbruk<br>• gjera bruka meir lønsame på sikt | LK | |
| | | 2. Vektleggja rådgjeving for:<br>- auka driftsomfang innan husdyrnæringar<br>- fleire fellesdriftsløysingar<br>- samarbeid mellom skogeigarar<br>- høg og relevant fagkompetanse hjå næringsutøvarane<br>- gode fagmiljø med smittande optimisme | LK | |
| | | 3. Utarbeida heilskaplege arealplanar / planar for skogbruket | LK | |
| | | 4. Forvalta lovverket aktivt for å nå måla om bruksstruktur og busetjing | LK | |
| | | 5. Leggja til rette for bygdeutviklingsprosjekt som er retta mot tilleggsnæringar i landbruket | Bygdelaga/LK | FYK, FYM |

| INFRASTRUKTUR Hovudmål | Delmål - slik vil me ha det | Tiltak – slik gjer me det | Ansvar | Samarbeid med |
|---|---|---|---|---|
| Ein framtidsretta infrastruktur som sikrar busetnad og næringsliv i Luster | I. Oppretthalda og vidareutvikla samferdselsnettet både internt i kommunen og regionale / nasjonale samferdselsprosjekt<br><br>II. Eit godt kommunikasjonsnett i heile kommunen | 1. Etablera ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvene:<br>- Fylkesvegar<br>- Kommunale vegar<br>- Private vegar - tilskotsordningar<br>- Gang- og sykkelvegnett<br>- Gateljos<br>- Parkeringsplassar i utfartsområde<br>- Ferjedrift<br>- Anlegg for drivstoffylling for småbåtar<br>- Ladestasjon for el-bil i Gaupne | LK / | FYK /Vegvesen |
| | | 2. Prioriterte satsingar på fylkesvegar i planperioden er:<br>2.1 Investeringstiltak på fylkesvegnettet<br>a. Prioritere Fv.55 Nes - Fortun med oppstart Nes – Høyheimsvik<br>b. FV.55 Utbetring av Røneidstunnelen<br>c. Fv.331 Skjolden – Urnes, breiddeutviding og møteplassar<br>d. Fv 604 Gaupne – Jostedalen, kryssløysing med kommunal veg til Leirdalen<br>e. FV.55 Gaupne - Skjolden vegsikringstiltak<br><br>2.2 Rassikringstiltak<br>a. Fv. 337 Veitastrondsvegen<br>b. Fv. 331 Skjolden - Urnes, div raspunkt<br>c. Fv. 337 Veitastrondsvegen, Utladøla m.fl.<br>d. Fv. 55 Råumsberget | FYK | |
| | | 2.1 Arbeida for å få fram nye nasjonale samferdselstiltak i NTP i vegplanperioden. Prioritert satsingsområde er Sognefjellstunnelen | LK | |
| | | 3. Arbeida for tilrettelegging av effektive datakommunikasjonsløysingar i heile kommunen | LK | |
| | | 4. Delta med finansiering i spesielle infrastrukturtiltak om det kan etablerast vinn-vinn | Vegvesen/ FYK | |

### *10.3 Luster – ein god stad å besøkja*

Strategiar:

→ me skal leggja til rette for at det vert god kvalitet på besøksnæringa i Luster

→ me skal vera i framkant i utvikling og tilrettelegging av berekraftige kultur- og naturopplevingar

→ me skal vera attraktiv å besøkja for folk i regionen

| **Besøksattrak-sjonar Hovudmål** | **Delmål – slik vil me ha det** | **Tiltak – slik gjer me det** | **Ansvar** | **Samarbeid med** |
|---|---|---|---|---|
| Nytta dei store attraksjonane innan kultur- og naturarv i utviklinga av besøksnæringane | I. God lønsemd i reiselivsnæringa ved auka tal gjestedøgn, sesongutviding og høg kvalitet på produkta<br><br>II. Visit Sognefjord skal vera eit regionalt apparat for marknadsføring av Sognefjordområdet<br><br>III. Besøksnæringar som er berekraftige innafor naturen si toleevne både lokalt og globalt<br><br>IV. Nytta verdsarven, naturvernområda, Nasjonal turistveg og Breheimsenteret aktivt til å vidareutvikla den kultur- og naturbaserte verdiskapinga<br><br>V. Attraktive besøksområde med profil på natur- og kulturopplevingar, friluftsliv og lokal mat<br><br>VI. Aktivitetsskapande anlegg og attraksjonar og innan natur- og kulturopplevingar og fysisk aktivitet | 1. Støtta opp om vidareutvikling av Sogn Skisenter | Sogn ski-senter | LK |
| | | 2. Fremja Lustrabadet som attraktivt reisemål i Luster | Lustrabadet | LK |
| | | 3. Sikra at attraksjonar og aktivitetar i Luster frå sin rettmessige fokus gjennom Visit Sognefjord, gjennom samordna marknadsføring og profilering av attraksjonane i kommunen | Visit Sognefj. | Luster kommune og reiselivs-næringa i Luster |
| | | 4. Støtta vidareutvikling og etablering av nye aktivitetsverksemder i reiselivet | Reiselivsnæringa | LK |
| | | 5. Støtta større tilskipingar som skapar omsetning for besøksverksemdene og som skapar profilering for kommunen og regionen | Arrangørar | LK |
| | | 6. Med utgangspunkt i erfaringar frå «Naturarven» utarbeida ein strategi for kommunen si satsing på fellesgoder i besøksnæringane med vekt på:<br>a. Omfang av tilrettelegging i turområde /tilretteleggingsgrad<br>b. Prioriterte satsingsområde – oppgåver og ansvar<br>c. Samhandling med andre aktørar | LK | Bygdelag og næringsaktørar |
| | | 7. Organisera og etablera ei utviklingsplattform for natur- og kulturbasert verdiskaping | LK | * FYK, FYM, RA, FMF, bygdelag, næringsaktørar, m.fl. |
| | | 8. Vera ein aktiv part i utvikling og tilrettelegging av nye opplevingsattraksjonar som :<br>a) Gondolprosjekt i Skjolden<br>b) Kultur- og naturhistoriske attraksjonar som t.d. Witgenstein, Husmannssenter og Stiftinga Ormelid | Private eller off. aktørar | LK |
| | | 9. Vektleggja miljø, berekraft og naturmangfald i utviklinga av besøksnæringar i kommunen | LK | |
| | | 10. Aktiv tilrettelegging for bygging av fritidshusvære /hytter i kommunen | Private | LK |

*FYK = Fylkeskomm, FYM=Fylkesm, RA=Riksantikvaren, FMF=Fortidsminneforeninga,

# 11. Føringar for arealdelen:

Ved utarbeiding av arealdelen vert desse føringane lagt til grunn:

### *11.1 Bustadområde*

a. Areal til bustadbygging i alle bygder
b. Tilretteleggja for god variasjon i bustadtilbodet for ulike aldersgrupper, funksjonshemming etc.
c. Tilretteleggja for tomter i bustadfelt
d. I bygder utan regulerte byggeområde bør det i arealdelen avsetjast område for spreidd bustadbygging utafor jordbruksareal

### *11.2 Næringsareal*

a. Sørgja for tilgjengeleg næringsareal i Gaupne og Hafslo til ei kvar tid
b. Leggja til rette for næringsareal i andre bygder
c. Kommunedelplan for mineralske råstoff skal innarbeidast i arealdelen

### *11.3 Sentrumsområde*

a. Stadanalyse for Gaupne vert lagt til grunn i planarbeidet for vidare arealplanlegging i Gaupne
b. Luster kommune skal leggja vekt på å utvikla sentrumsområde med gode møteplassar for alle. Det skal spesielt leggjast vekt på aktivitetsområde for barn og unge og universell utforming
c. I Gaupne skal arealøkonomisering vektleggast ved vidare planlegging / utbygging

### *11.4 Hytteområde*

For å sikra ei bærekraftig hyttebygging skal utbygging i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.

### *11.5 Landbruksområde og jordvern*

Med bakgrunn i globale klimaendringar og matvaresituasjonen i verda, ynskjer kommunen å ha fokus på å sikra areala som er eigna for matproduksjon i eit lokalt perspektiv. I dei tilfelle bustadbygging må skje på dyrka mark skal dette skje gjennom høg arealutnytting.

### *11.6 Universell utforming*

Nasjonal handlingsplan «Norge – universelt utformet til 2025» skal fylgjast opp gjennom arealdelen.
Uteområde og byggverk skal utformast slik at dei så langt det er mogleg kan brukast av alle innbyggjarane på ein likestilt måte.

### *11.7 Miljø og berekraftig utvikling*

Luster kommune skal:

a. Ivareta større samanhengande områder med høg landskaps- og opplevingskvalitet
b. Ta vare på biologisk mangfald (jfr. kartlegging av biologisk mangfald i kommunen)
c. Sikra inngrepsfrie samanhengande strandområder med vekt på fri ferdsel, biologisk mangfald og viktige naturkvalitetar
d. Leggja vekt på at utbyggingsareal som hovudregel vert lagt på uproduktive/lågproduktive areal utan spesielle økologiske eller biologiske funksjoner med særlig verdi for trua, sårbare, sjeldne artar eller bestandar

### *11.8 ROS*

Vektleggja kunnskap om naturendringar som flaum, skred og havnivåstiging i arealdelen som førebyggjande tiltak for Risiko og sårbarheit.

### *11.9 Motorferdsel i utmark*

Luster kommune skal søkja om å verta forsøkskommune for etablering av løyper for snøskuterkøyring i utmark.
Aktuelle trasear skal avklarast i arealdelen.

Luster Kommune

# Luster kommune - organisasjonsmodell




## Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvaltningsstyret (7). Dei to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

## Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 9 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, kultur, folkehelse, plan, næring og servicetorget. Rådmannen har, blant sine stabsleiarar, peika ut primære kontaktpersonar for alle tenesteeiningane.

## Tenesteeiningane

Kommunen har 20 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiar som rapporterar til rådmann, då primært til ovannemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har fylgjande oppvekstsenter: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslo oppvekstsenter og Solvorn oppvekstsenter.

2) Kommunen har fylgjande grunnskular: Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule (administrerer også Veitastrond

3) Kommunen har fylgjande barnehagar: Gaupne barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslo barnehage.

4) NAV Luster er leia i partnarskap mellom stat og kommune.

## Interkommunalt samarbeid

Kommunen har fylgjande interkommunale samarbeid:
- Sogn kulturskule
  ( Leikanger er vertskommune)
- Sogn barnevern
  (Sogndal er vertskommune)
- SIMAS (IKS)
- Sogn brann og redning (IKS)